



LINDÅS KOMMUNE

# 1. KVARTALSRAPPORT 2015



DER DRÅUMAR BUR RØYNDOM



## Innhald

Rådmannen sitt framlegg til vedtak: .....	3
1 Innleiing.....	4
2 Økonomisk status sentrale postar .....	5
2.1 Skatt og rammetilskot.....	5
2.2 Generelle statstilskot .....	6
2.3 Eigedomsskatt .....	6
2.4 Renteinntekter og utbytte .....	6
2.5 Premieavvik og premiefond pensjon.....	6
2.6 Rente- og avdragsutgifter .....	7
2.7 Inntekter frå sjølvkost.....	7
2.8 Disposisjonsfond .....	8
3 Økonomisk status tenestoområda .....	9
3.1 Politisk styring.....	9
3.2 Administrativ styring, støttefunksjonar .....	9
3.3 Oppvekst.....	9
3.4 Pleie og omsorg .....	10
3.5 Helse og sosial.....	10
3.6 Plan, samfunn og utvikling.....	10
3.7 Tekniske justeringar tenestoområda .....	10
4 Årsverk og Sjukefråvere .....	11
5 Budsjettedtak 2015 – verbaldel .....	12
6 Framlegg til justeringar i investeringsbudsjettet og status for prosjekta .....	14
6.1 Status for investeringsprosjekta.....	14
7 Vedlegg rekneskapsskjema.....	16
8 Finansrapport .....	18
8.1 Bankinnskot.....	18
8.2 Lånegjeld .....	18

## **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Rådmannen innstiller til kommunestyret om å fatta følgjande vedtak:

1. Kommunestyret tek økonomirapport pr. 1. kvartal 2015 til orientering.
2. Det vert føreteke budsjettjusteringar for 2015 slik det går fram av tabell 1 (sentrale postar).
3. Det vert føreteke budsjettjusteringar for 2015 slik det går fram av tabell 2 (tenesteområda).
4. Rådmannen får fullmakt til å gjera endringar i interne disponeringar for 2015 slik som skissert i kapittel 2.7, disposisjonsfond.
5. Rådmannen får fullmakt til å gjera tekniske justeringar mellom tenesteområda for 2015 slik som skissert i kapittel 3.7.

## 1 INNLEIING

Økonomirapport pr. 1. kvartal 2015 syner økonomisk status pr. 31. mars og ei prognose for heile året. Rapporten bygger på ajourført rekneskap og ei analyse av løn for perioden 1.1 – 31.3. 2015.

Rådmannen skal ut frå budsjettforskrifta gjennom budsjettåret leggja fram rapportar for kommunestyret som viser utviklinga i inntekter og utgifter. Det skal rapporterast minimum to gonger pr år. I økonomireglementet for Lindås kommune går det fram at det skal rapporterast etter 1. kvartal og 2. tertial. I tillegg til dette skal rådmannen utan ugrunna opphald gje formannskapet viktig informasjon som kan ha innverknad på kommuneøkonomien på kort og lengre sikt. Det blir i 2015 gitt rapportering om økonomisk status på kvart formannskapsmøte.

I følgje ”Forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning” skal administrasjonssjefen minst to gonger i året leggja fram rapporter for kommunestyret som viser status for kommunen si finansforvaltning. Rådmannen legg til grunn at dette praktisk kan gjerast som eit del av økonomiske statusrapportar når finansforvaltninga ikkje har endra risikokarakter frå førre status.

Hovedpunkta som påverkar resultatet per 1. kvartalsrapport 2015 kan kort oppsummerast slik:

<b>Kjente avvik per 1. kvartal er:</b>	<b>Prognose</b>
Tilskot private barnehager	2 500
Grunnskule, gjesteelevar, skyss og spesped - vidareført frå 2014	4 700
Barnevern, manglande budsjettert innsparing og for lågt budsjett bufellesskap einslige mindreårige flyktningar	1 500
Manglande budsjettert innsparing vedtaksprosjektet og nattevakt	1 500
Lågare foreldrebetaling barnehage enn budsjettert	200
Høgare utgifter til transport dagsenter enn budsjettert	100
Manglande budsjettert innsparing merkantilprosjektet	300
Heimetenestra, ein heimel ikkje budsjettert	600
Forsikringspremie, lågare etter ny avtale	-650
Eigedomsskatt	1 190
Pensjonspremie (bruk av premiefond)	-10 000
<b>Sum avvik totalt som påverkar resultatet</b>	<b>1 812</b>

## 2 ØKONOMISK STATUS SENTRALE POSTAR

ref.	TABELL 1 - Sentrale postar	Prognose avvik 2015	Framlegg om justering	Prognose med justering
<b>Sentrale postar</b>				
2.1	Skatt og rammetilskot	0	0	0
2.2	Generelle statstilskot	1 000	-1 000	0
2.3	Eigedomsskatt	-4 648	4 648	0
2.4	Renteinntekter og utbytte	-1 200	0	-1 200
2.5	Premiefond og premieavik pensjon	-6 342	6 342	0
2.6	Rente- og avdragsutgifter	1 500	0	1 500
2.7	Inntekter frå sjølvkost	-4 033	4 033	0
2.8	Bruk av disposisjonsfond (eigedomsskatt og premieavik)	2 722	-2 722	0
2.9	Avsetjing til disposisjonsfond	20 235	-22 051	0
	<b>Sum sentrale postar</b>	<b>9 234</b>	<b>-10 750</b>	<b>300</b>
1) Ei meirinntekt eller mindreutgift i høve til budsjett vil framstå med eit positivt beløp i kolonna for prognose. Ei mindreinntekt eller meirutgift vil framstå med eit negativt beløp.				

Rådmannen vil her kommentera utviklinga i vesentlege sentrale inntekter og utgifter. Dei fleste av desse har vi liten påverknad på – men det er viktig å estimera desse så godt det let seg gjera sidan det er desse som set rammene for den kommunale drifta.

Samla prognose for heile 2015 syner eit positivt avvik på 10 750 000 kr for dei sentrale postane, og rådmannen vil i dei kommande punkta kommentere avvika.

### 2.1 Skatt og rammetilskot

Lindås kommune har ein skattenedgang på 3,4% for januar - mars samanlikna med same periode i fjor. Dette henger mellom anna saman med at vi hadde svært høg skatteinngang i januar til mai i 2014. Lindås hadde ein skatteinngang på +4,4% i denne perioden mot +1,7% på landsbasis og +1,8 i fylket.

Lindås kommune har budsjettert med ein skatteauke på 3,1% i 2015, og det er grunn til å tru at vi må revidere det budsjetterte skatteanslaget i løpet av året. Tre månader er imidlertid ikkje tilstrekkelig for å lage ein god årsprognose, då vi ser at det kan være store variasjoner på kort sikt.

Det er i revidert nasjonalbudsjett gjort framlegg om å kompensere kommunane for den låge skatteinngangen. I framlegget er det lagt inn om lag 2,5 mill. kr i kompensasjon til Lindås kommune.

Rådmannen kjem tilbake til ein eventuell justering av skatt og ramme i samband med 2. tertialrapport. I denne prognosen vil vi har tall på skatteinngang for januar - august 2015, noko som vil gje eit sikrere og meir realistisk skatteanslag.

## 2.2 Generelle statstilskot

Kommunen mottok generelle statstilskot for flyktningar, samt kompensasjon for låneopptak i samband med prosjekt innanfor skule, sjukeheim og omsorgsbustader. Prognosen viser at vi vil få 1 000 000 kr meir i statstilskot for flyktningar i 2015 enn budsjettet.

Rådmannen rår til å auke budsjettet for generelle statstilskot med 1 000 000 kr.

## 2.3 Eigedomsskatt

Det er budsjettet med eigedomsskatt for 2015 på 163 059 000 kr. Per mars 2015 er det skrive ut eigedomsskatt på kr 161 869 823 kr, ein reduksjon i eigedomsskatten på 1 189 931 kr.

Reduksjon i eigedomsskatt er i hovudsak knytt til vedtak i klagenemda om lågare skattegrunnlag for TCM. Eigedomsskatten vart på grunnlag av dette 1 614 200 kr lågare per år. Vedtaket gjeld frå 2013, og Lindås kommune betalte i 2015 tilbake for mykje innbetalt i 2013 og 2014 (i tillegg til renter), totalt 3 457 482 kr .

For 2015 vil dette innebere at eigedomsskatten vert 4 647 413 kr lågare enn budsjettet.

Sjå elles punkt 2.8 for meir informasjon om status eigedomsskatt TCM.

## 2.4 Renteinntekter og utbytte

Lindås kommune bytter hovudbank per 01.07.2015, og dei nye rentevilkåra er 0,55% lågare enn det vi har i dag. På grunnlag av dette er det naturleg å anta at renteinntektene vil bli lågare enn budsjettet. Forskjellen i rentevilkåra i dei ulike bankavtalene, og eit lågare rentenivå (NIBOR) per mars enn budsjettet utgjer eit avvik på 1 200 000 kr.

Rådmannen rår ikkje til ei justering av forventa renteinntekter per 1. kvartal, og vil komme tilbake med ein prognose per 2. tertial der vi har tal på innskotsnivået frå januar til august, samt renteutviklinga i same periode. Ein eventuell justering av renteinntekter må også sjåast i samband med ein eventuell justering av renteutgifter, jfr. pkt 6.2.

Utbyttet frå BKK er forventa å bli som budsjettet på 7 800 000 kr.

## 2.5 Premieavvik og premiefond pensjon

### Handtering av premieavvik:

Kommunane betaler gjennom året pensjonspremie til pensjonskassane. Ved årsskifte reknar selskapa sine aktuarar ut ein pensjonskostnad for året. Det er denne som vert ståande igjen i årsrekneskapen. Avviket mellom den innbetalte premien og aktuaren si utrekning vert kalla premieavvik. Dersom innbetalt premie gjennom året er større enn utrekna pensjonskostnad vil det vera eit positivt premieavvik. I Lindås kommune dekkast dette beløpet inn året etter at premieavviket har oppstått.

Kvar haust mottok kommunane oversikter frå pensjonsselskapa som syner kva årets premieavvik er estimert til å bli (endeleg premieavvik er først avklart året etter). I 2014 vart det inntektsført eit premieavvik på 21 655 786 kr. I 2.tertialrapport 2014 vart det vedteken å setje av 22 392 000 kr på

disposisjonsfond - premieavvik. Med andre ord vart det sett av 736 214 kr for mykje på fond for premieavvik i 2014.

Resultatet i KLP vart betre enn forventa i 2014, noko som førar til at eigarane får meir tilbakeført til premiefond enn tidlegare stimert. For Lindås kommune sin del inneber dette at vi får overført 13 500 000 kr meir til premiefond enn forventa. Enkelt sagt betyr dette at vi har betalt 13 500 000 kr meir i pensjonspremie enn det var behov for, for å dekkja pensjonsforpliktingane til kommunen. Rådmannen gjer framlegg om å nytte desse midlane som delbetaling av pensjonspremien i 2015. Det er budsjettert med bruk av premiefond i 2015 på 3 400 000 mill, og rådmannen gjer framlegg om å auke bruk av premiefond til 13 400 000 kr i 2015.

Som eit resultat av at Lindås kommune nyttar premiefond til deler av pensjonspremien, er premieavviket estimert til å bli 3 885 000 kr i 2015 mot budsjettert 24 120 000 kr i 2015. Årets premieavvik vert sett av på fond for premieavvik, og endringa i premieavvik får ikkje resultateffekt i 2015.

Ut frå både endringar i premieavvik i 2014 og 2015, og bruk av premiefond i 2015 rår rådmannen til å endre budsjettet med følgjande:

- Endring amortisering (premieavvik frå 2014): 3 893 000 kr (reduksjon av kostnad)
- Endring avsetnad for premieavvik 2015: 20 235 000 kr (reduksjon inntekt (tabell 1) og tilsvarande reduksjon avsetnad på disposisjonsfond premieavvik, pkt 2.8)
- Bruk av premiefond KLP: 10 000 000 kr (auka inntekt)

## **2.6 Rente- og avdragsutgifter**

Det vart i budsjett 2014 lagt til grunn ei innlånsrente 2,2% flytande rente. Pr 31.03.15 er den flytande renta 2,00% i kommunalbanken, noko som gjer eit estimat på om lag 1 500 000 kr lågare renteutgifter enn budsjettert. Rådmannen vil i samband med 2. tertialrapport vurdere renteutgiftene basert på reell renteutvikling i perioden januar til august 2015, og eventuelt gjere framlegg om budsjettjustering.

## **2.7 Inntekter frå sjølvkost**

Som følge av endra framdrift på investeringane innan vatn og avløp samt endra rentesats i forhold til budsjettet for 2015 vil refusjon av renter og avdrag frå vatn og avløp bli lågare. Refusjonen av rente er estimert til å bli 2 053 000 kr lågare og avdragsinntektene er estimert til å bli 1 980 000 kr lågare.

## 2.8 Disposisjonsfond

Etter rådmannen sitt framlegg til sentral saldering, vil kommunen ha ein status på det generelle disposisjonsfondet som følgjer:

Disposisjonsfond - generelt	
<b>Fond pr. 1.1.2015</b>	46 158
Disponert tomt rundkøyring Knarvik	-202
Vedtak trafikkisikring, jf sak PS 24/12	-1 250
Havnesamarbeid	-200
Avsetjing vedteke budsjett	3 342
Egenkapitalinnskudd KLP	-2 390
Straumaggregat brann-driftsstasjon KO 028/15	-500
<i>Driftstilskot Sambandet Vest 024/15 jfr 90/14</i>	-63
<i>Søknad knarvikmila, tilskot til vegutbetring</i>	-100
<i>Jmf. 1. kvartalsrapport 2015</i>	-1 812
<b>Budsjettert fond pr 31.12.15</b>	<b>42 983</b>
* Tekst i kursiv betyr ikkje vedtatt	

Disposisjonsfond - omtvista eigedomsskatt	
<b>Fond pr. 1.1.2015</b>	96 082
Avsetjing vedteke budsjett 2015	31 677
Jfr. Kvartalsrapporten pkt 2.7	-3 458
<b>Budsjettert fond pr 31.12.15</b>	<b>124 301</b>

Det har vore rettssak mellom TCM og Lindås kommune vedrørende eigedomsskatt. Saka vart avgjort i høgsterett og høgsterett tok stilling til om TCM var verk og bruk eller ikkje. Lindås kommune vann saka på alle punkt, og TCM er definert som verk og bruk. TCM har påklaga takstgrunnlaget, og klagen var til behandling i klagenemda 13.02.2015. Gjennom klagenemdas vedtak vart taksten justert frå 4 229 000 000 kr til 3 998 400 000 kr, noko som gjer eigedomsskatten 1 614 200 kr lågare per år. Vedtaket kan ikkje påklages. Vedtaket kan imidlertid bringes inn for domstolsprøving både av TCM og Lindås kommune, fristen for dette er 6 mnd.

For mykje innbetalt eigedomsskatt for 2013 og 2014, kr 1 614 200 per år, samt rente på 6% er tilbakebetalt TCM per mars 2015. Totalt er 3 457 482 kr tilbakebetalt TCM. Rådmannen rår til at dette vert dekkja av dei avsette midlane på fond for omtvista eigedomsskatt. Rådmannen rår til at dei resterande avsetnadene på disposisjonsfond – omtvista eigedomsskatt vert vurdert i samband med 2. tertialrapport når fristen for domstolsprøving er gått ut.

Disposisjonsfond - premieavvik	
<b>Fond pr. 1.1.2015</b>	22 392
Amortisering premieavvik for 2014	-21 656
Budsjettert avsetning premieavvik (2015)	24 120
For mykje avsett i 2014 jfr. Kvartalsrapport, pkt 2.5	-736
Korrigerings av avsetnad fond for premieavvik, pkt 2.5	-20 235
<b>Budsjettert fond pr 31.12.15</b>	<b>3 885</b>

For 2015 er det budsjettert med avsetning på fond for premieavvik på 24 120 000. Jmf. Pkt 2.5 om premieavvik, viser nye berekningar at premieavviket i 2015 er estimert til å bli 3 885 000, mot



budsjettert 24 120 000 kr . Rådmannen rår til å korrigere avsetnaden for premieavvik i samsvar med dette.

Disposisjonsfond - infrastruktur	
Fond pr. 1.1.2015	0
Avsetjing vedteke budsjett 2015	5 000
<b>Budsjettert fond pr 31.12.14</b>	<b>5 000</b>

### 3 ØKONOMISK STATUS TENESTEOMRÅDA

ref.	TABELL 2 - Tenesteområda	Just. budsj. netto dr.utg.	Prognose avvik 2015	Framlegg om justering	Prognose med justering
3.1	Politisk styring	22 134 000	0	0	0
3.2	Administrativ styring, støttefunksjonar	168 073 000	-7 350	7 350	0
3.3	Oppvekst	268 928 000	-1 600	1 600	0
3.4	Pleie og omsorg	252 577 000	-2 070	2 070	0
3.5	Helse og sosial	72 874 000			0
3.6	Plan, samfunn og utvikling	118 965 000	270	-270	0
	<b>Sum tenesteområda</b>	<b>903 551 000</b>	<b>-10 750</b>	<b>10 750</b>	<b>0</b>

1) Ei meirinntekt eller mindreutgift i høve til budsjett vil framstå med eit positivt beløp i kolonna for prognose. Ei mindreinntekt eller meirutgift vil framstå med eit negativt beløp.

#### 3.1 Politisk styring

Rådmannen forventar at politisk styring vil koma ut om lag som budsjettert.

#### 3.2 Administrativ styring, støttefunksjonar

Meirforbruket under administrativ styring skuldast som tidligare varsla at utgiftene knytt til gjesteelevar, skuleskyss til desse og tilrettelagt opplæring for både gjesteelevar og elevar i privatskular vart høgare i 2014 enn budsjettert. Dette er meirutgifter som vert vidareført i 2015. I tillegg vert tilskotet til private barnehager for 2015 kr 2 500 000 høgare enn budsjettert. Dette skuldast at det er lagt til grunn for lågt barnetall i de private barnehagane enn tellinga av born av 15.12.2014 faktisk viser.

I tillegg er det budsjettert med ein innsparing på merkantilprosjektet på 300 000. Dette prosjektet vil ikkje starte opp før i august 2015, og vil gje effekt frå 2016.

Rådmannen rår til å justere ramma for tenesteområdet tilsvarande 7 350 000 kr.

#### 3.3 Oppvekst

Meirforbruket under oppvekst skuldast for lågt budsjett på bufellesskap for mindreårige flyktningar under barnevern. Lindås kommune vil få om lag 1 000 000 kr meir i utgifter enn det som vert

refundert, då eigenandelen er auka frå 10 – 20%, samt at utgiftene isolert sett vert høgare enn budsjettert.

I tillegg er det budsjettert med ein innsparing under barnevern på 500 000 kr i 2015. Dette vert gjennomført som eit prosjekt, og vil først starte opp haust 2015. Prosjektet vil gje effekt frå 2016.

Det er under kommunale barnehagar budsjettert med 200 000 kr for høg inntekt frå foreldrebetaling.

Forsikringspremien som vert belasta dette tenesteområdet vert noko lågare enn budsjettert.

Rådmannen rår til å justere ramma for tenesteområdet tilsvarende 1 600 000 kr.

### **3.4 Pleie og omsorg**

Meirforbruket skuldast i hovudsak budsjetterte innsparingar som ikkje vil gje effekt før i 2016. Dette gjeld organisering og bruk av nattevakter på tvers av einingane og vedtaksprosjektet, totalt 1 500 000 kr i 2015.

I tillegg er det overført ein heimel for lite til budsjettet på heimetenesta, noko som utgjer 600 000.

Det er budsjettert 100 000 for låge utgifter til transport dagsenter under bestillarkontoret.

Forsikringspremien som vert belasta dette tenesteområdet vert noko lågare enn budsjettert.

Rådmannen rår til å justere ramma for tenesteområdet tilsvarende 2 070 000 kr.

### **3.5 Helse og sosial**

Rådmannen forventar at tenesteområdet vil koma ut om lag som budsjettert.

### **3.6 Plan, samfunn og utvikling**

Ingen endringar under dette tenesteområdet sett bort frå at forsikringspremien vil verte 270 000 kr lågare enn budsjettert.

### **3.7 Tekniske justeringar tenesteområda**

Hjelpemiddellager:

Hjelpemiddellageret er budsjettert under bestillarkontoret, men er per 1. kvartal organisert under tenesteområde 5, Helse og sosial.

Rådmannen rår til å flytte budsjettet for hjelpemiddellageret frå tenesteområde 4 til tenesteområde 5.

Vatn og avløp:

Som følge av endra framdrift på investeringane i forhold til budsjettet samt endra rentenivå, vil og sjølvkostrekneskapa (vatn og avløp) få lågare utgifter til kapitalkostnader. Det er estimert ei mindreutgift for vatn og avløp på 4 033 000 kr. Rådmannen rår til at dette bør budsjettjusterast mot bruk og avsetning til bunde fond for sjølvkost.

## 4 ÅRSVERK OG SJUKEFRÅVERE

### Årsverk

Administrasjonen har i samband med utarbeiding av økonomisk statusrapport jobba parallelt med å få lagt fram eit samla oversyn kommunale årsverk. Utgangspunktet har vore dei lønsheimlar som ligg i kommunen sitt løns- og personalsystem. Desse har vorte gjennomgått sentralt, og i tillegg er tala kvalitetssikra med dei fleste einingsleiarane.

Generelt er det dei faste stillingane som er budsjettert som vert presentert. Dette vil seia at vikarar ikkje vert teke med, heller ikkje ekstrahjelp eller andre engasjement. Ledige/vakante årsverk er med så lenge desse ikkje varig er trekt attende.

Oversynet er utarbeidd på einingsnivå, og vert presentert politisk pr tenesteområde:

Tenesteområde	1. kvartal	2. tertial	1. kvartal	2. tertial	1. kvartal	2. tertial	1. kvartal	Endring frå førre	% av totale årsverk
	2012	2012	2013	2013	2014	2014	2015		
2 Administrativ styring, støtte-funksjonar	51	53	52	52	53	53	53	0	5 %
3 Oppvekst	426	415	415	422	421	411	410	-1	38 %
4 Pleie og omsorg	374	374	375	376	376	372	374	2	35 %
5 Helse og sosial	90	90	88	92	99	99	99	0	9 %
6 Plan, samfunn og utvikling	134	135	136	136	137	137	142	5	13 %
<b>Sum tenesteområda (2-6)</b>	<b>1 074</b>	<b>1 067</b>	<b>1 066</b>	<b>1 077</b>	<b>1 086</b>	<b>1 072</b>	<b>1 078</b>	<b>5</b>	<b>100 %</b>

Det har vore ein auke på 5 årsverk sidan 2. tertial 2014. Heimetenesta har ein auke på 5,5 årsverk. Dette skuldast i hovudsak 4 årsverk som er budsjettert som kjøp av vikartenester, i tillegg er det ein auke etter oppstart av Skrenten omsorgsbustad. Sjukeheimstenesta har hatt ein nedgang i årsverk frå 2. tertial 2014 på 4 årsverk. Det har vore ei auke på 0,5 stilling innan landbruk og 0,5 stilling innan stabstenestene sidan 2. tertial 2014. Begge desse stillingane er budsjettert i 2015.

Andre avvik på tenesteområde utover dette skuldast endra organisering frå 2014 til 2015.

### Sjukefråvere

Det har samla sett har vore ein reduksjon i sjukefråveret for Lindås dei siste 2 åra, men målsetjinga om 6% er langt frå oppnådd.

Utviklinga i Lindås kommune:

Kvartal/ år	2010	2011	2012	2013	2014
1. kvartal	7,8	9,1	8,2	8,7	7,3
2. kvartal	7,5	8,4	7,4	7,5	7,8
3. kvartal	8,2	8,5	7,2	7,1	8,2
4. kvartal	8,6	8,5	8,1	7	8,8
<b>Snitt</b>	<b>8</b>	<b>8,6</b>	<b>7,7</b>	<b>7,6</b>	<b>8</b>

Utviklinga i kommunal sektor:

Kvartal/ år	2012	2013	2014
1. kvartal	7,5	8	7,5
2. kvartal	7	6,9	7,1
3. kvartal	7,2	7	7,1
4. kvartal	7,5	7,1	7,3
<b>Snitt</b>	<b>8</b>	<b>8,6</b>	<b>7,7</b>

## 5 BUDSJETTVEDTAK 2015 – VERBALDEL

Kommunestyret vedtok i samband med handsaminga av økonomiplanen ein del verbalpunkt. Status for desse vert rapportert her:

<b>VERBALPUNKT KOMMUNESTYRET SITT BUDSJETTVEDTAK 2014</b>	<b>Status</b>
13. Kommunestyret bed rådmannen utgreie kostnader med å innføre felles søskenmoderasjon for søsken som går i SFO og barnehage. Ved moderasjon i private barnehagar tek kommunen kostnadene, dette til budsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019.	Notat vert lagt fram i samband med strategisamlinga 2. juni
14. Kommunestyret bed rådmannen utgreie behovet for endra veterinæravtale på dagtid til revidert budsjett 2015.	Notat vert lagt fram i samband med strategisamlinga 2. juni
15. Kommunestyret bed rådmannen vektleggja etablering av ladepunkt for el-bil ved kommunale parkeringsplassar	Notat vert lagt fram i samband med strategisamlinga 2. juni
16. Det er eit mål å få bygd ein fleirbrukshall i Alversund, i tilknytning til Alversund skule, og i samanheng med rehabilitering av skule. Kommunestyret ber rådmannen greia ut prosjektet vidare, med sikte på framlegging til formannskapet i mars 2015. Følgjande føringar skal leggast til grunn: - Plassering og utforming som sikrar god sambruk med skulen, - ein samarbeidsmodell med Alversundbygda, både i planfase, byggefase og driftsfase, etter mønster frå Lindåshallen, - Ei økonomisk ramme på 60 mill., - Ein finansieringsplan som sikrar optimal momsrefusjon, tippemidlar, bygdemidlar og sponsormidlar.	Denne saka blir løyst i samband med prosjektet Alversund skule. Seinast vedtak i KO 21.05.15 om å bygge ny skule på ny tomt. I tillegg må vi rullere kommunedelplan for idrett for å få inn hall og symjeanlegg i planen, dette for å sikre tippemidlar til prosjektet
17. "inn på tunet". Kommunestyret ser verdien av konseptet "inn på tunet" og ønskjer at kommunen medverkar til eit tettare samarbeid mellom landbruksnæringa, barnehagar og skular i kommunen. Kommunestyret ber rådmannen greie ut korleis eit konsept som innbyr barnehagar og skular til å komme på gardsbesøk og nytte garden i ein del av opplæringa kan organiserast og finansierast.	Notat vert lagt fram i samband med strategisamlinga 2. juni

VERBALPUNKT KOMMUNESTYRET SITT BUDSJETTVEDTAK 2014	Status
<p>18. Områdeplan Knarvik sentrum. Kommunestyret bed rådmannen greia ut alternative strategival for kommunen si rolle i samband med utbygginga av Knarvik sentrumsområde, med utgangspunkt i områdeplan for Knarvik sentrum. Utgreiinga skal innehalda mellom anna: -Kommunens mål og ambisjon i gjennomføringa av planen, - Ulike stratagiar for å oppnå målet, - Vurdering av ulike alternativ for organisering, -Krav til kompetanse og ressurser, -Finansiering, herunder investering og forskottering, - Økonomiske konsekvensar for kommunen, samt risikovurdering, - Vurdering av framdriftsplan og prosess med gjennomføring av planen. Utgreiinga skal munna ut i ei politisk sak med innstilling frå rådmann i møte i formannskapet 30. april 2015. Rådmannen skal også legge fram eit prosjektmandat i neste formannskapsmøte i februar 2015. Kostnader med utgreiinga vert dekkja av infrastrukturfondet.</p>	<p>Saka blir lagt fram til drøfting i formannskapet på strategisamling i juni. Val av strategi og framdrift kjem i eiga sak i FO 11.06 og i KO 18.06</p>
<p>19. Gjennom statsbudsjettet 2015 har Lindås kommune fått auka ramme meint å styrkje helsestasjon og skuletjenesta. Kommunestyret ber rådmannen følgje opp dette.</p>	<p>Orientering vert lagt fram i samband med strategisamlinga 2. juni</p>
<p>20. Eventuelle endringar av skulestruktur, herunder Myking, Kløvheim, Eikanger og Ostereidet barneskular, skal takast stilling til i samband med rullering av kommunedelplan skule i 2015. I denne samanheng skal tidsplan for gjennomføring av eventuelle endringar avklarast, og økonomiske konsekvensar, både drifts- og investeringsmessig, skal kvalitetssikrast. Forbetningsprogrammet og økonomiplan skal oppdaterast.</p>	<p>Prosjektet er i slutfasen, og skal handsamast i Levekår 21.5 samt KO den 18.6. Kommunedelplan for skule har vore til høyring, og administrasjonen førebur i desse dagar saka som skal opp til politisk handsaming.</p>
<p>21. Kommunestyret ønsker en sak om egedomsskatten, der ein ser på effekten av å redusera denne i forhold til å sikre arbeidsplassar og næringsverksemd i Lindås kommune. Rådmannen legg fram sak i samband med økonomisamlinga i Juni 2015.</p>	<p>Orientering vert lagt fram i samband med strategisamlinga 2. juni</p>

## 6 FRAMLEGG TIL JUSTERINGAR I INVESTERINGSBUDSJETTET OG STATUS FOR PROSJEKTA

### 6.1 Status for investeringsprosjekta

I samband med rapporteringa for 1. kvartal legg rådmannen fram ein status for investeringsprosjekta, samt ein prognose for korleis evt. meirforbruk er tenkt finansiert. I samband med 2. tertialrapport kvart år blir det laga prognoser for inneverande år, ny prognose for byggeperioden og prosjekta blir justert for faktisk framdrift. Dette gjerast mellom anna for å gje eit korrekt bilete av den totale investeringa i inneverande år og for at kommunen skal kunne justera lånebehovet sitt til korrekt nivå.

I dag tek kommunen opp samla lånebehov på slutten av kvart år, og sidan det ikkje er behov for å ta opp lån tidlegare på året blir prosjekt med avvik ikkje føreslått budsjettjustert før i samband med 2. tertialrapport. Det kan verte aktuelt å måtte ta opp lån tidlegare på året i dei komande åra, men dette vil i så fall verte teken omsyn til i dei komande budsjett og økonomiplanane.

Nytt frå 2014 er at det rapporterast på investeringsprosjekta på eigedom på kvart formannskapsmøte, og per 30.04.2015 var det rapportert om avvik på Knarvik barneskule (mindreforbruk på 2 mill. kr på ventilasjonsanlegg), Leiknes skule (meirforbruk på 1,8 mill. kr) og Ostertun (meirforbruk på 2 mill. kr).

Oversyn over prosjekter med meir- eller mindreforbruk i 2015:

Prosjekt	Budsjett inkl. endring 2015	Rekneskap pr 31.3.2015	Ikkje nytta midlar pr 31.3	Mer/ mindreforbruk	Kommentar
Eikanger skule - paviljong	65	0	65	-65	Midler trekkes inn, prosjekt avsluttes
Knarvik barneskule - ventilasjon	4 000	1 386	2 614	-2 000	Mindreforbruk, prosjekt avsluttes
Leiknes skule	3 577	1 970	1 607	1 800	Merforbruk
Rehabilitering skular	5 442	0	5 442	-1 500	Bruker 1500 til å finansiere merforbruk Leiknes
Lindåshallen	0	-250	250	-500	Har fått medfinansiering fra BKK
Rehabilitering barneahgebygg	1 297	-182	1 479	-500	Bruker 500 til å finansiere merforbruk på andre prosjekter
Rehabilitering av bustader	2 291	0	2 291	-1 000	Bruker 1000 til å finansiere merforbruk på andre prosjekter
Nedre Alver	56	0	56	-56	Midler trekkes inn, prosjekt avsluttes
Såtabu forskerka skjermå eining	500	0	500	-500	Prosjekt avsluttes, midler nyttes til å finansiere merforbruk Ostertun
Ostertunet omsorgsbustader	20 838	10 479	10 359	2 000	Merforbruk
<b>Sum</b>				<b>-2 321</b>	<b>Totalt mindreforbruk per 1. kvartal</b>

Tabellen under viser investeringsprosjekta i budsjett 2015, samt større prosjekt frå tidlegare år som ikkje var fullførte ved årsskifte.

Prosjekt	Budsjett inkl. endring 2015	Rekneskap pr 31.3.2015	Ikkje nytta midlar pr 31.3	Prognose 2015
Ventilasjon rådhus og utviding av kontor	3 632	3 054	3 632	2 000
<b>Sum administrasjonsbygg (delsum)</b>	<b>3 632</b>	<b>3 054</b>	<b>3 632</b>	<b>2 000</b>
Eikanger skule - paviljong	65	0	65	0
Rive rektorbustad Eikanger skule	500	0	500	500
Knarvik barneskule - ventilasjon	4 000	1 386	2 614	2 000
Knarvik barneskule (NY)	1 000	0	1 000	1 000
Leiknes skule	3 577	1 970	1 607	5 377
Leiknes skule - Storstove	13 707	222	13 485	8 250
Lindås barneskule	15 371	3 099	12 272	15 371
Alversund skule	33 698	186	33 512	1 000
Rehabilitering skular	5 442	0	5 442	3 642
Leikeplassutstyr	111	0	111	111
Nye krav til plassering av bosscontainere	50	0	50	50
Bustad Seim GBNR 172/59 - riving	500	0	500	500
<b>Sum skulebygg (delsum)</b>	<b>77 956</b>	<b>6 863</b>	<b>71 093</b>	<b>37 801</b>
Grusbane ved Knarvik ungdomsskule	128	50	78	128
Knarvik idrettsanlegg	18	0	18	18
Lagerbygg Knarvik idrettsanlegg	500	0	500	0
Knarvik stadion - spurtandekke	4 254	551	3 703	4 254
Lindås idrettsanlegg	12 659	2 926	9 733	12 659
Lindåshallen	0	-250	250	-500
Kvassnesstemma	7	0	7	7
Kvamsvågen - utvikling av vei/parkering/kjøp a	500	0	500	500
Hall Alversund	1 000	0	1 000	0
Ymse frionråde/ - kulturtiltak	704	0	704	704
Utstyr Nordhordlandshallen	200	36	164	200
<b>Sum kultur og idrett (delsum)</b>	<b>19 970</b>	<b>3 349</b>	<b>16 621</b>	<b>17 970</b>
Rehabilitering barnehagebygg	1 297	-182	1 479	700
<b>Sum barnehagebygg (delsum)</b>	<b>1 297</b>	<b>-182</b>	<b>1 479</b>	<b>700</b>
Rehabilitering av bustader	2 291	0	2 291	2 291
Nedre Alver	56	0	56	0
<b>Sum bustader helse og sosial (delsum)</b>	<b>2 347</b>	<b>0</b>	<b>2 347</b>	<b>2 291</b>
Såtabu forskerka skjerma eining	500	0	500	0
Sansehage Lindås bu og servicesenter	750	0	750	750
Rehabilitering institusjonsbygg	1 035	0	1 035	1 035
Ostertunet omsorgsbustader	20 838	10 479	10 359	22 838
Nytt bufellesskap	1 000	0	1 000	500
<b>Sum institusjon og omsorgsbustader (delsum)</b>	<b>24 123</b>	<b>10 479</b>	<b>13 644</b>	<b>25 123</b>
Kyrkjeleg fellesråd	500	0	500	500
RAMMEBUDSJETT VATN	67 414	1 003	66 411	15 000
RAMMEBUDSJETT AVLØP	18 201	488	17 713	6 500
RAMMEBUDSJETT VEG	14 568	3 114	11 454	14 568
RAMMEBUDSJETT BRANN	400	11	389	400
Oppgradering IKT anlegg	2 620	1 540	1 080	2 620
Egenkapitalinnskudd KLP	2 390	0	2 390	2 390
Digitalt kartverk/plottar	337	31	306	300
Digitalt byggesaksarkiv	2 000	0	2 000	2 000
Handlingsplan universell utforming	400	0	400	0
Vernerunder/universell utforming	3 000	0	3 000	3 000
<b>Sum andre tiltak på tvers av tenesteområde</b>	<b>10 747</b>	<b>1 571</b>	<b>9 176</b>	<b>10 310</b>

## 7 VEDLEGG REKNESKAPSSKJEMA

Rekneskapsskjema 1A - drift	Rekneskap pr 31.3	Reg. budsjett 2015	Oppr. budsjett 2015	Rekneskap 2014
Skatt på inntekt og formue	-115 453 539	-382 495 000	-382 495 000	-370 954 011
Ordinært rammetilskudd	-109 918 710	-374 621 000	-374 621 000	-368 409 552
Skatt på eiendom	-77 461 960	-163 059 000	-163 059 000	-163 059 754
Konsesjonskraft, avgift	-22 692	-150 000	-150 000	-135 091
Andre generelle statstilskudd	-3 734 501	-16 722 000	-16 722 000	-16 602 825
<b>Frie disponible inntekter</b>	<b>-306 591 402</b>	<b>-937 047 000</b>	<b>-937 047 000</b>	<b>-919 161 233</b>
Renteinntekter og utbytte	-3 087 533	-27 197 000	-27 197 000	-38 170 611
Renteutg., provisjoner og andre	1 642 700	25 934 000	25 934 000	26 548 059
Avdragsinntekter	0	-4 509 000	-4 509 000	-2 095 008
Avdrag på lån	278 788	35 955 000	35 955 000	34 349 114
<b>Netto finansinnt./utg.</b>	<b>-1 166 045</b>	<b>30 183 000</b>	<b>30 183 000</b>	<b>20 631 554</b>
Premieavvik		1 429 000	1 429 000	-6 616 452
Bruk av premiefond		-3 400 000	-3 400 000	
Pensjonsinnskott				-13 408
Til dekning av tidligere underskott				
Til ubundne avsetninger		59 139 000	59 139 000	72 021 390
Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk				-14 400 993
Bruk av ubundne avsetninger		-22 602 000	-22 392 000	-16 239 000
<b>Netto avsetninger</b>	<b>0</b>	<b>34 566 000</b>	<b>34 776 000</b>	<b>34 751 537</b>
Momsrefusjon investeringsaktivitet				
Overført til investeringsregnskap				
Til fordeling drift	-307 757 447	-872 298 000	-872 088 000	-863 778 142
Motpost avskrivningar	0	-31 253 000	-31 253 000	-31 076 590
<b>Sum til fordeling drift</b>	<b>-307 757 447</b>	<b>-903 551 000</b>	<b>-903 341 000</b>	<b>-894 854 732</b>
Netto driftsutgifter tenesteområda	226 290 962	903 551 000	903 341 000	894 854 732
<b>Meirforbruk/mindreforbruk</b>	<b>-81 466 485</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Rekneskapsskjema 1B- drift	Rekneskap pr. 31.3	Justert budsjett	Vedteke budsjett	Rekneskap 2014
1 Politisk styring	5 763 111	22 134 000	22 134 000	21 532 409
2 Administrativ styring, støttefunksjonar	37 098 451	168 073 000	175 269 000	158 532 757
3 Oppvekst	76 211 043	268 928 000	265 703 000	254 787 878
4 Pleie og omsorg	73 279 651	252 577 000	250 090 000	269 047 464
5 Helse og sosial	17 412 623	72 874 000	72 092 000	76 460 810
6 Plan, samfunn og utvikling	16 526 083	118 965 000	118 053 000	114 493 415
<b>Sum tenesteområda</b>	<b>226 290 962</b>	<b>903 551 000</b>	<b>903 341 000</b>	<b>894 854 733</b>



Økonomisk oversyn drift	Rekneskap pr. 31.3	Justert budsjett	Vedteke budsjett	Rekneskap 2014
<b>Driftsinntekter</b>				
Brukerbetalinger	10 457 580	44 849 000	44 849 000	41 923 041
Andre salgs- og leieinntekter	20 876 233	68 826 000	68 826 000	67 755 413
Overføringer med krav til motytelse	33 046 652	130 544 000	130 042 000	198 469 022
Rammetilskudd	109 918 710	374 621 000	374 621 000	368 409 552
Andre statlige overføringer	3 734 501	16 832 000	16 832 000	16 966 462
Andre overføringer	82 503	0	0	367 666
Skatt på inntekt og formue	115 453 539	382 495 000	382 495 000	370 954 011
Eiendomsskatt	77 691 042	163 059 000	163 059 000	163 059 754
Andre direkte og indirekte skatter	0	40 000	40 000	46 296
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>371 260 761</b>	<b>1 181 266 000</b>	<b>1 180 764 000</b>	<b>1 227 951 217</b>
<b>Driftsutgifter</b>				
Lønnsutgifter	170 458 903	607 384 000	604 319 000	623 364 998
Sosiale utgifter	48 001 256	176 000 000	174 984 000	175 613 569
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	38 027 280	145 789 000	145 789 000	154 586 368
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	28 549 581	160 751 000	160 751 000	164 459 721
Overføringer	11 617 887	44 032 000	47 401 000	72 002 780
Avskrivninger	0	31 253 000	31 253 000	31 076 590
Fordelte utgifter	-1 131 417	-28 397 000	-28 397 000	-33 640 382
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>295 523 490</b>	<b>1 136 812 000</b>	<b>1 136 100 000</b>	<b>1 187 463 644</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>75 737 269</b>	<b>44 454 000</b>	<b>44 664 000</b>	<b>40 487 573</b>
<b>Finansinntekter</b>				
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	3 087 534	20 808 000	20 808 000	34 185 564
Mottatte avdrag på utlån	79 435	50 000	50 000	434 750
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>3 166 969</b>	<b>20 858 000</b>	<b>20 858 000</b>	<b>34 620 314</b>
<b>Finansutgifter</b>				
Renteutgifter, provisjoner og andre fin.utg.	1 874 871	25 934 000	25 934 000	26 549 284
Avdragsutgifter	278 788	35 955 000	35 955 000	34 349 114
Utlån	312 830	50 000	50 000	1 079 204
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>2 466 487</b>	<b>61 939 000</b>	<b>61 939 000</b>	<b>61 977 602</b>
<b>Resultat eksterne finanstransaksjoner</b>	<b>700 482</b>	<b>-41 081 000</b>	<b>-41 081 000</b>	<b>-27 357 288</b>
Motpost avskrivninger	0	31 253 000	31 253 000	31 076 590
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>76 437 751</b>	<b>34 626 000</b>	<b>34 836 000</b>	<b>44 206 875</b>
<b>Interne finanstransaksjoner</b>				
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	0		0	14 400 993
Bruk av disposisjonsfond	58 000	22 739 000	22 529 000	17 184 000
Bruk av bundne fond	4 970 734	2 315 000	2 315 000	7 888 622
<b>Sum bruk av avsetninger</b>	<b>5 028 734</b>	<b>25 054 000</b>	<b>24 844 000</b>	<b>39 473 615</b>
Overført til investeringsregnskapet	0			
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0	0	0	
Avsetninger til disposisjonsfond	0	59 139 000	59 139 000	72 079 390
Avsetninger til bundne fond	0	541 000	541 000	11 601 101
<b>Sum avsetninger</b>	<b>0</b>	<b>59 680 000</b>	<b>59 680 000</b>	<b>83 680 491</b>
<b>Regnskapsmessig mer/mindreforbruk</b>	<b>81 466 485</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## 8 FINANSRAPPORT

### 8.1 Bankinnskot

Ifølgje det vedtekne finansreglementet skal rådmannen etter årets utgang leggje fram ein rapport for kommunestyret som viser utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året for finansområdet.

Rådmannen legg til grunn at dette praktisk kan gjerast som eit del av dei økonomiske statusrapportane, og ikkje som eiga rapport når finansforvaltninga ikkje har endra risikokarakter frå førre status.

Finansforvaltninga har ikkje endra risikokarakter sidan desember 2014 (finansrapport 2014), dei einaste endringane er den flytande innlåns og utlånsrenta, samt bankinnskot. Det er per mars 2015 ikkje teken opp nye lån.

Kassebeholdninga og bankinnskota har utvikla seg slik som vist i tabellen:

Kasse, bankinnskot	2012	2013	2014	Rekneskap per 31.03.2015
Kasse	31	35	47	49
Den norske Bank	323 772	375 213	388 391	419 953
<b>Sum</b>	<b>323 803</b>	<b>375 248</b>	<b>388 438</b>	<b>420 002</b>

DNB er kommunen sin hovudbank. Rentevilkåra på innskot etter denne avtalen er lik NIBOR 3 mnd. frå Noregs Bank + 1,1%. Pr. 31.3.2015 blir det 1,47% + 1,10% = 2,57%.

Bankavtalen betyr ikkje at kommunen er forplikta til å plassere ledige midlar hos DNB.

### 8.2 Lånegjeld

				1000 kr
Långjevarar	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 31.03.2015
<b>Formidlingslån</b>				
Husbanken	172 664	192 262	225 768	222 538
Kommunalbanken	6 187	5 775	5 362	5 362
<b>Andre lån</b>				
Husbanken	15 744	24 304	23 253	22 974
Kommunalbanken	745 381	877 116	885 325	885 325
<b>Sum lånegjeld</b>	<b>795 548</b>	<b>873 074</b>	<b>1 139 708</b>	<b>1 136 199</b>

Det er enno ikkje teke opp nye lån for 2015.

Husbanklån som blei tatt opp i 2010 har fast rente 3,7% i 10 år. Del av husbanklån som blei tatt opp i 2011 har fast rente 3,9% i 10 år. Dei andre låna i husbanken har i 2015 flytande rente, lik 2,188% pr 1.4.2015.

Låna i Kommunalbanken har flytande rente lik, 2,00 % pr. 31.3.2015.